



# /// Forskrift

om folkevalde si godtgjersle i  
Sogndal kommune, Vestland

Fastsett av Sogndal kommunestyre 10.09.2020 med heimel i lov 22.juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) §§ 8-3, 8-4 og 8-10 m.m. Endringslogg er nedst i dokumentet.

Forskrift om folkevalde si godtgjersle skal reviderast innan september månad ved utgangen av kommunestyreperioden.

### **§ 1 Føremål**

Forskrifta har som føremål å sikre den som har eit kommunalt tillitsverv godtgjersle for arbeidsinnsatsen, erstatning for tap av arbeidsinntekt, samt kompensasjon for utgifter knytt til tillitsvervet, i samsvar med kommuneloven § 8-3 og § 8-4.

Forskrifta skal òg regulere rett til ettergodtgjersle for folkevalde som har vervet som si hovudverksemd i samsvar med kommuneloven § 8-6, og rett til permisjon i samsvar med § 8-10. Forskrifta skal legge til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar og velferdsordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

### **§ 2 Verkeområde**

Forskrifta gjeld for folkevalde medlemmer av kommunestyret og andre personar som eit folkevaldorgan har valt inn i eit folkevald organ, eller eit anna kommunalt organ etter kommunelova § 5-2.

### **§ 3 Fast årleg godtgjersle**

#### **a. Ordførar**

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

*Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet.*

#### **b. Varaordførar**

Varaordføraren si godtgjersle vert sett til inntil 30% av ordføraren si årlege godtgjersle. Godtgjersla dekker deltaking i kommunestyret, formannskapet, administrasjonsutvalet, arbeidsgjevarutvalet, politisk leiargruppe, arbeidsgrupper og representasjonsoppgåver m.m.

Frikjøpsordning i høve arbeidsgjevar kan vurderast

#### **c. Medlemer i formannskap og leiar av kontrollutval**

Godtgjersla vert sett til 5 % av ordføraren si årlege godtgjersle.

#### **d. Leiar av plan- og forvaltningsutval, komité for samfunnsutvikling og komité for levekår**

Godtgjersla vert sett til 7,5 % av ordføraren si årlege godtgjersle.

#### **e. Avgrensing**

Fråvær frå meir enn 1/4 av møta fører til ein reduksjon på 25 % av

godtgjersla. Fråvæer ut over dette vert redusert med 10 % pr. møte utover dette.

#### § 4 Variabel møtegodtgjersle

- a) Representantar i kommunestyret og formannskap, plan- og forvaltningsutval, komité for samfunnsutvikling, komité for levekår, kontrollutval og valstyret som ikkje motteke fast møtegodtgjersle.  
Det vert utbetalt variabel møtegodtgjersle
- Heildagsmøte (over 3 timar) 0,1 % av ordføraren si årlege godtgjersle
  - Halvdagsmøte (inntil 3 timar) 50% av godtgjersle for heildagsmøte
- b) Leiarar og representantar i administrasjonsutval, arbeidsgjevarutval, råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, sakkunnig nemnd eigedomsskatt, klagenemnd eigedomsskatt som ikkje motteke fast møtegodtgjersle.  
Det vert utbetalt variabel møtegodtgjersle
- Leiar: 0,075 % av ordføraren si årlege godtgjersle
  - Representant og vararepresentant: 0,050 % av ordføraren si årlege godtgjersle permøte
- c) Leiarar og representantar i kulturråd, aktivitets- og friluftsråd, innvandrarråd, viltneemnd og andre råd, utval og oppnemnde arbeidsgrupper
- Leiar: 0,045 % av ordføraren si årlege godtgjersle per møte
  - Representant og vararepresentant: 0,035 % av ordføraren si årlege godtgjersle permøte
- d) Arbeidstakarrepresentantar  
Arbeidstakarane sine representantar i kommunale styringsorgan får ordinær møtegodtgjersle som folkevalde dersom møta vert haldne utanom arbeidstid i kommunen
- e) Medlemer/varamedlemer som møter berre i einskildsaker/deler av møtet i samband med t.d. inhabilitet: 50% av godtgjersle for heildagsmøte

Ordføraren, varaordføraren og ev. andre folkevalde som i sum har faste godtgjersler på minst 50% av ordføraren si godtgjersle, skal reknast for å vere frikjøpte.

Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for alle verv vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit kommunalt vedtaksorgan.

Godtgjersle til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepengar.

## § 5 Ettergodtgjersle

Ordførar har rett til ettergodtgjersle i inntil 6 veker når ho/han fråtrer vervet. Rett til ettergodtgjersle vert avkorta mot annan inntekt etter reglane i kommuneloven § 8-6 andre og tredje ledd.

Ordførar som ikkje tek attval, og som har permisjon frå fast arbeid får ikkje ettergodtgjersle. Dersom den avtroppande ordføraren ikkje går inn i eit arbeidsforhold, eller anna inntektsgivande forhold kan det gjevast godtgjersle i inntil 12 veker.

## § 6 Utgiftsdekning

### a) Tapt arbeidsforteneste

Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møte og andre møte med rett til godtgjersle får dekkta tapet etter desse reglane:

- Ulegitimert tap;  
Vederlaget er avgrensa til 0,214 % av ordføraren si årlege godtgjersle per dag. Heildagsmøte (over 3 timar) 0,214 % av ordføraren si årlege godtgjersle per møte Halvdagsmøte (inntil 3 timar) 50 % av godtgjersle for heildagsmøte  
Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan det betalast vederlag for legitimert inntektstap opp til 0,405 % av ordføraren si årlege godtgjersle per dag.
- Med legitimasjon (trekk i lønn), dekker kommunen dette tapet med løn og feriepengar, på grunnlag av attest frå arbeidsgjevar. Vederlaget er avgrensa til dokumentert sats pr. møtedag, med inntil 0,405 % av ordføraren si årlege godtgjersle.

Sjølvtendig næringsdrivande skal leggje fram likningsattest over personinntekt. Inntektstap vert utrekna etter netto årsinntekt (netto jordbruksinntekt/anna næringsinntekt) dividert med 240 dagar. Tapet kan og dokumenterast med attest for kostnadane med vikar.

Satsane blir regulert kvart år tilsvarande auken i avlønninga for assistent i toppløn i det kommunaleregulativet. Reguleringa skjer i ettertid og blir gjort frå 1. januar kvart år.

Dersom den folkevalde har fri med løn til politisk arbeid, og det er arbeidsgjevar som sender krav til kommunen, dekker kommunen arbeidsgjevaravgift av inntil dokumentert sats.

Refusjonane skal dekke tap i arbeidsinntekt innanfor tidsromet kl. 7–17 på vanlege arbeidsdagar eller innanfor turnusarbeid.

### b) Reisegodtgjersle

Folkevalde har rett på reisegodtgjersle etter staten sitt reiseregulativ. Medlemene blir samstundes oppmoda om i størst mogleg grad å køyre saman.

Det blir ikkje utbetalt kostgodtgjersle i samband med kommunale møte innan kommunen. Krav om dette må leverast inn på eige skjema.

### **c) Pass av barn og omsorgsgodtgjersle**

Kommunen dekkjer utgifter til pass av barn eller omsorgsoppgåver i samband med kommunale møteVederlag for påførde ulegitimerte utgifter med inntil 0,155 % av ordføraren si årlege godtgjersle Vederlag for påførde legitimerte utgifter med inntil 0,283 % av ordføraren si årlege godtgjersle

### **d) Telefon og breiband**

- Det vert utbetalt utgiftsdekning til telefon og breiband.
- Ordførar og varaordførar får dekkja utgifter til telekommunikasjon i samsvar med det som gjeldfor rådmann.
- Det vert utbetalt utgiftsdekning til telefon og breiband der medlemmer av kommunestyre får dekkja kr. 3000,-, utvals- og komitéleiarar, medlem av formannskap, og gruppeleiarar får dekkja kr.6000,-

### **e) Anna godtgjersle**

- Nestleiar, eller andre som må leie heile møtet i leiaren sitt fråvær, får dobbel møtegodtgjersle
- Fleire møte same dag, gir ei møte-godtgjersle tilsvarande den høgaste
- Ved telefon- og nettmøte vert det utbetalt godtgjersle etter punkt 4.
- Møtegodtgjersle vert ikkje utbetalt til ordførar og varaordførar eller til tilsette i kommunen som deltek på møte i kraft av stillinga si.

## **§ 7 Frist for innlevering av krav om dekning av tapt inntekt og utgifter**

Krav om dekning av utgifter og tap av inntekt skal settast fram for politisk sekretariat så snart som mogleg, og seinast innan 4 månader etter at kravet har oppstått og møtet har funnet stad. Krav som er levert inn innan den 25. kvar månad kan forvente utbetaling på neste lønsutbetaling.

## **§ 8 Utbetaling**

Møtegodtgjersle blir som hovudregel utbetalt automatisk etter møteboksdokumentasjon

Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtgjersle for deltaking i konferansar og anna der kommunen ikkje fører møtebok, blir betalt etter rekning.

## **§ 9 Forsikringsordning**

Ordførar er med i forsikringsordninga, og har dermed rettar etter Hovudtariffavtalen kapittel 1.

## **§ 10 Rett til sjukepengar**

Ordførar og varaordførar har rett til godtgjersle ved sjukefråvær på lik linje med fast tilsette i kommunen.

Om ordførar har langtidsjukefråvær trer varaordførar inn og får full ordførarløn etter 2 veker. I dei 2 første vekene vert varaordførar si sivile løn dekkja.

### **§ 11 Ferie og feriepengar**

Ordfører får si godtgjersle utbetalt i 12 like store ratar, og har rett til å avvikla 5 veker ferie i året utantrekk. Ordførar og varaordførar vil òg få utbetalt feriepengar året etter dei går av, i samsvar med ferielova § 10.

### **§ 12 Permisjonar**

Folkevalde som har vervet som hovudinntekt – det vil sei ordførar, kan berre få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10 (svangerskap, fødsel, omsorg for born og nærstående i livets slutfase), § 12-12 (militærteneste) og § 12-15 (høgtider i andre religionar).

I samband med slik permisjon har den folkevalde same rett til si godtgjersle i vervet som gjeld fortilsette i kommunen.

### **§ 13 Tolking av reglementet**

Ordføraren/formannskapet skal tolka reglementet og tek stilling til tvilstilfelle som ikkje er prinsipielle.

### **§ 14 Revisjon av reglementet**

Grunnlaget for godtgjersler til dei folkevalde skal fylgje godtgjersle til stortingsrepresentantane. Denne blir vurdert av Stortinget sin lønskommisjon 1. mai kvart år. Ved endringar i godtgjersla til stortingsrepresentantane, blir godtgjersla til folkevalde i Sogndal endra frå same tid.

Grunnlaget for møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsinntekt skal regulerast automatisk 1.juli kvart år og i samsvar med regulering av godtgjersla til ordførar.

### **§ 15 Ikraftsetjing**

Forskrifta er godkjend av kommunestyret 10.09.2020, sak KST-75/20 og trer i kraft straks.

## **Endringslogg:**

Kommunestyret vedtok 18. februar 2021 i sak 21/21 slik endring i § 3a:

Første setning vert endra frå:

*Ordføraren si godtgjersle vert sett til 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.*

Til følgjande med verknad frå 01.01.21:

*Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.*